

---

Saksnr: 2021/1809-43  
Saksbehandlar: Berit Alise Høivik

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.05.2021

**Tilskot for verna kulturminne 2021**

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune fordeler tilskot på kr. 1 700 000 til verna kulturminne frå budsjettpost 400.650.01 slik:

	Kommune	Tilråding
1	Alver	20 000
2	Askvoll	60 000
3	Askøy	40 000
4	Aurland	70 000
5	Austevoll	0
6	Bergen	50 000
7	Bjørnafjorden	110 000
8	Bømlo	65 000
9	Etne	0
10	Fjaler	50 000
11	Høyanger	30 000
12	Kvam	70 000
13	Luster	80 000
14	Lærdal	20 000
15	Modalen	0
16	Osterøy	25 000
17	Samnanger	100 000
18	Sogndal	120 000
19	Stryn	60 000
20	Stord	60 000
21	Sveio	140 000
22	Tysnes	130 000
23	Ullensvang	60 000
24	Vaksdal	80 000
25	Vik	20 000
26	Voss	180 000
27	Øygarden	40 000
<b>SUM</b>		<b>1 700 000</b>

2. Dersom nokre av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadene for tildelinga, gjev hovudutval for kultur, idrett og integrering administrasjonen høve til å omfordele

midlane til andre tiltak på same kulturminne, eller til andre av dei tiltaka som har fått tildelt tilskot, jf. pkt. 1 ovafor.

### **Samandrag**

Ordninga skal bidra til å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø i Vestland fylke. Den skal sikre kulturminna som berekraftig ressurs, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping.

Tilskotsordninga skal yte støtte til istandsetting av verneverdige kulturminne, prioritert av kommunar i Vestland fylke, regulert med omsynssone bevaring i kommunale arealplanar, eller vurdert av fylkeskommunen som kulturminne med høg regional verdi.

Det er kome inn 87 søknadsprosjekt frå 27 kommunar i 2021. Samla totalkostnad for dei omsøkte prosjekta er på over 40 millionar. Det er søkt tilskot på omlag 20,2 mill. kr., medan budsjettposten er på kr. 1,7 mill. kr.

Per Morten Ekerhovd  
Fylkesdirektør

David J Aasen Sandved  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

I nasjonale forventingar til nasjonal planlegging har kommunane hovudansvar for å identifisere, verdsetje og forvalte verneverdige kulturminne. For å støtte dette arbeidet skal den regionale tilskotsordninga yte tilskot til istandsetting av verneverdige kulturminne som er prioritert av kommunane i Vestland fylke, regulert med omsynssone bevaring i kommunale arealplanar, eller vurdert av fylkeskommunen som kulturminne med høg regional verdi.

Vestland fylkeskommune ynskjer å stimulere kommunane til auka innsats på kulturminnefeltet, støtte opp om kommunale kulturminneplanar, og prioritere verneverdige kulturminne med høg regional verdi. Kommunar som har vedtatt kulturminneplan og etablert tilskotsordning for kulturminnetiltak er prioriterte, saman med kulturminne med regional verdi.

### Søknadar og vurderingar

I 2021 er det 27 kommunar som har sendt inn totalt 87 søknadsprosjekt. Av desse er det 9 kommunar frå det tidlegare Sogn og Fjordane fylke som har sendt inn søknad. Samla totalkostnad for dei omsøkte prosjekta er på over 40 millionar. Det er søkt om tilskot på totalt omlag 20,2 millionar. Dette er ei forventta auke frå 2020, på bakgrunn av at det for mange av kommunane var ei ny ordning frå 2020. Det kom inn 49 søknader i 2020, fordelt på 17 kommunar, der det var søkt om tilskot på til saman i overkant av 6 millionar. I 2020 var det 2 millionar til rådvelde.

Auke i talet på søknader fortel at denne ordninga skaper eit stort engasjement i den kommunale kulturminnesatsinga, og som støtter målsettinga med ordninga. Færre midlar til fordeling, gjer at det er mange som ikkje får tilskot i år, sett i lys av fordelinga i fjor. Ordninga sin låge dekkingsgrad pregar tilskotsfordelinga, og forklarar storleiken på dei enkelte tilskota.

Av tilskotskriteria går det fram at kommunen skal ha gjeldande kulturminneplan og /eller at kulturminna skal vere regulert innafor omsynssone bevaring. I fordelinga har fylkesdirektøren også lagt vekt på kommunane sine eigne faglege vurderingar i prioriteringsprosessen.

Dersom ikkje prosjektet kan gjennomførast innafor fristen, som er for søknadsåret og påfølgjande år, kan det vere aktuelt å omfordele tilskotet. Dette vil særleg vere aktuelt der det er stor skilnad mellom søknadssummen og tildelinga.

Då storleiken på tildelinga samsvarar lite med storleiken på søknadssummen bør ordninga styrkast eller spissast, for å betre forholdet mellom søknadssum og det som er til rådvelde for fordeling.

Revisjon og retningslinjer for den ordninga *tilskot til verna kulturminne* i Vestland fylkeskommune, vart handsama i hovudutvalet for kultur, idrett og integrering 12.11.2019, PS 4 2019.

Budsjett 2021	1 700 000 kroner
Søknadsfrist 2021	15. mars
Vedtaks kriterier	KULII 12.11.2019, PS4 2019
Informasjon om tilskotsordninga	Brev sendt til kommunane i Vestland fylke 16.12.2019 og <a href="#">informasjon på heimesida</a> til Vestland fylkeskommune
Tal kommunar som har søkt	27 (19 kommunar frå tidlegare Sogn og Fjordane)
Tal innsendte prosjekt	87
Samla søknadssum	Ca. 20,2 mill. kr
Tilrådd til fordeling	1,7 mill. kr

### **Vedtakskompetanse**

Vedtaksmynde i denne saka er heimla i Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Saker der utvalet har avgjerslemynde:

- fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar innanfor sitt arbeidsområde

### **Vurderingar og verknader**

**Økonomi:** Tildelinga er i samsvar med budsjett

**Klima:** Tiltak som sikrar bruk av eksisterande bygningsmasse er positivt for klimarekneskapen

**Folkehelse:** Kulturarv har positiv verknad på folkehelse

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Tilskotsordningane er sentrale verkemiddel for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR og Kultur for alle Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane, 2019-2027.

### Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutval for kultur, idrett og integrering til å gjere vedtak slik saka ligg føre:

	Kommune	Tilråding
1	Alver	20 000
2	Askvoll	60 000
3	Askøy	40 000
4	Aurland	70 000
5	Austevoll	0
6	Bergen	50 000
7	Bjørnafjorden	110 000
8	Bømlo	65 000
9	Etne	0
10	Fjaler	50 000
11	Høyanger	30 000
12	Kvam	70 000
13	Luster	80 000
14	Lærdal	20 000
15	Modalen	0
16	Osterøy	25 000
17	Samnanger	100 000
18	Sogndal	120 000
19	Stryn	60 000
20	Stord	60 000
21	Sveio	140 000
22	Tysnes	130 000
23	Ullensvang	60 000
24	Vaksdal	80 000
25	Vik	20 000
26	Voss	180 000
27	Øygarden	40 000
<b>SUM</b>		<b>1 700 000</b>